

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/9007-1

## Kulturmidlar - felles handsaming av tre klagesaker

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Malakoff Rockfestival til følgje.
2. Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Malakoff Rockfestival (Gymmen Scene & Studio) til følgje.
3. Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Gloppen Musikkforum til følgje.

### Vedlegg:

- 1a og 1b Søknad og klage frå Malakoff Rockfestival
- 2a og 2b Søknad og klage frå Malakoff Rockfestival (Gymmen Scene & Studio)
- 3a-3c Søknad og klageskriv frå Gloppen Musikkforum

### Andre relevante dokument i saka:

1. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027<sup>i</sup>
2. Grunnleggjande omsyn for tildelinga av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål<sup>ii</sup>
3. Kulturmidlar - Retningsliner for tilskot til drift<sup>iii</sup>
4. Kulturmidlar - vurderingskriterium<sup>iv</sup>

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Innleiing

Fylkeskommunen har motteke tre klager som gjeld avslag på søknad om kulturmidlar. I ei av sakene har fylkesdirektøren gjeve delvis avslag. Vurderingsgrunnlaget for klagen er det same, og dei vert derfor handsama i ei same sak.

I saka følgjer først ei kort utgreiing om handsaming av søknadar etter tilskotsordninga, og deretter vil dei tre klagen verte gjort greie for og vurderte kvar for seg.

---

<sup>i</sup><https://img4.custompublish.com/getfile.php/4349963.2344.pnlkmittmlkszl/Kultur+for+alle+regional+plan+for+kultur+i+2019-2027+revidert+06.11.18+med+rettingar+etter+handsaming+i+FT+19.10.18.pdf?return=www.sfj.no>

<sup>ii</sup>[https://www.sfj.no/ato/esa62/document/grunnleggjande-omsyn-for-tildeling-av-fylkeskommunale-tilskot-til-kulturføeremaal-saknr22\\_2019-cat344489-mid120448\\_f2fb5b79ca.19043337d19032927.a3807e215f.pdf](https://www.sfj.no/ato/esa62/document/grunnleggjande-omsyn-for-tildeling-av-fylkeskommunale-tilskot-til-kulturføeremaal-saknr22_2019-cat344489-mid120448_f2fb5b79ca.19043337d19032927.a3807e215f.pdf)

<sup>iii</sup><https://img4.custompublish.com/getfile.php/3753320.2344.dsfcrcb/Kulturmidlar+retningsliner+for+tilskot+til+drift.pdf?return=www.sfj.no>

<sup>iv</sup> <https://img4.custompublish.com/getfile.php/4090291.2344.7annianlqsbij/Kulturmidlar+-+vurderingskriterium+osv.+--+2018.pdf?return=www.sfj.no>

## **2. Rettslege utgangspunkt for klagesakshandsaminga**

### **2.1 Mynde**

Fylkesdirektøren for næring og kultur (fylkesdirektøren) har mynde til å tildele fylkeskommunale tilskot innanfor kultursektoren etter delegeringsreglementet punkt 4.9. Det følgjer av føreordet til delegeringsreglementet at delegering av mynde til fylkesdirektørane også inneber mynde til å opptre som underinstans i klagesaker etter forvaltningslova.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3 og FT-sak nr. 46/92.

### **2.2 Fylkeskommunale retningslinjer for tildeling av tilskot**

To av klagene gjeld skjønnsbruken til underinstansen.

Relevant for klageinstansen sine skjønnsvurderingar er Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 og dokumenta «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål» og Kulturmidlar – Retningslinjer for tilskot til drift». Desse vert kort presenterte nedanfor. For ei meir utfyllande framstilling av retningslinjene, vert det vist til fotnote i - iii med lenkjer til dokumenta. Hovudutval for næring og kultur vedtek i tillegg kvart år føringar og prioriteringar, som vert lagt til grunn for søknadshandsaminga saman med eksisterande retningslinjer, omsyn og plan. Sjå HNK-sak 22/19 for tilskotsåret 2019. Føringane og prioriteringane er samanfatta i dokumentet «Kulturmidlar – vurderingskriterium» og publisert på nettsidene til fylkeskommunen, sjå fotnote iv.

#### 2.2.1 Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Planen er det overordna styringsdokumentet for fylkeskommunen sitt kulturarbeid, og vart vedteke i fylkestinget 19.10.18. Planen er følgt opp av eit handlingsprogram for 2019 - 2022, vedteke i fylkestinget 04.12.18 og ein handlingsplan for 2019, vedteken av hovudutval for næring og kultur 6. februar 2019. Hovudutvalet sin tidlegare vedtekne «Festivalstrategi Sogn og Fjordane fylkeskommune», er no ein del av regional plan for kultur. Det overordna målet med planen er «kultur for alle». Vidare er det definert to hovudmål; kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn og fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kulturelle kraftsenter.

I planen vert det framheva at fylkeskommunen har eit kulturpolitisk ansvar for å støtte festivalane fagleg og økonomisk, utfordre festivalane til å bidra i offentleg planlegging og utvikling og å formidle informasjon og kontakt mellom forvaltningsnivåa. Det er eit mål at det skal vere eit variert tilbod av festivalar i fylket. Fylkeskommunen har frå 2018 signalisert vilje til femårige avtaler med Førde internasjonale folkemusikkfestival og Norsk Countrytreff, og treårige avtaler med Gloppen musikkfest og Malakoff rockfestival. Dette i samband med omlegginga av festivalstøtte frå Norsk kulturråd.

#### 2.2.2. Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål

Følgjande omsyn er grunnleggjande ved tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål:

- (1) Ved tildeling av kulturmidlar skal ein vurdere om tiltaket som søker midlar vil bidra til å oppnå målsettingane i regional plan for kultur
- (2) Organisasjonen/tiltaket skal ha ei tydeleg grunnngjeving innanfor kultur- og idrettsfeltet
- (3) Organisasjonen/tiltaket skal ha regionalt nedslagsfelt og regional tyding
- (4) Kvalitet, relevans og gjennomføringsevne
- (5) Andre relevante omsyn, t.d. fordeling ut frå geografi og sjanger.

#### 2.2.3 Kulturmidlar – Retningslinjer for tilskot til drift

Føremålet med tiltaksordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Tilskot vert etter retningslinjene gjeve til fylkesdekkande kulturorganisasjonar sin normale aktivitet, og er ikkje knytt til prosjekt eller særlege tiltak. Organisasjonen sine planar og målsettingar vert lagt til grunn for tilskot. Aktivitet og medlemstal eller publikumstal er avgjerande for storleiken på tilskotet.

#### 2.2.4 Kulturmidlar – vurderingskriterium (føringar og prioriteringar)

Innan gjeldande økonomiske rammer i 2019, er desse føringane og prioriteringane lagt til grunn for støtte til festivalar:

«- tilskot til festivalen frå kommune og stat :

- o festivalar som ikkje mottok stønad frå vertskommunen kan ikkje forvente å få regionale løyvingar.*
- o fylkeskommunen vil følgje opp statlege løyvingar frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar, dvs. at musikk festivalar som ikkje mottok stønad frå denne stønadsordninga i*

*utgangspunktet ikkje kan forvente å motta regionale midlar. Unnataket er om det vert vurdert å støtte festivalar som utvider sjangerbreidda.*

- forankring i heimkommune og -region. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region, det er ikkje vektlagt anna geografisk spreiding. Vertskommunen må støtte opp om festivalen gjennom planverk og budsjett.
- Festivalar som sjølv produserer innhald, dei som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og nettverk og dei som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene vert lagt vekt på.
- Formidlingsevne, publikumspotensiale i høve til arena og publikumsoppslutning vert lagt vekt på. - Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til born og unge vert dekkja av alle festivalar, og utover at festivalen må ha dette på plass så vert dette ikkje lagt avgjerande vekt på.»

### **2.3 Generelle reglar for det offentlege sin skjønnsbruk**

Fylkeskommunen sine skjønsmessige vurderingar ved tildeling av tilskot må vere basert på saklege og relevante omsyn, jamfør den ulovfesta læra om myndemisbruk. Det er òg rekna som myndemisbruk å treffe avgjerder som er vilkårlege, etter tilhøva ikkje samhovande eller sterkt urimelege. Like tilhøve skal handsamast likt, om det ikkje føreligg sakleg grunn for forskjellshandsaming.

### **2.4 Forvaltningsrettslege sakshandsamingsreglar**

Ei av klagen gjeld underinstansen si sakshandsaming. For handsaming av tilskotssøknader er det dei alminnelege sakshandsamingsreglane i forvaltningslova (fvl.) og allmenne forvaltningsrettslege prinsipp som gjeld.

Forvaltningsorgan har mellom anna ei rettleiingsplikt innanfor sitt saksområde, jf. fvl. § 11, ei plikt til å opplyse saka så godt som mogleg før ein gjer vedtak, jf. fvl. § 17, og ei plikt til å varsle ein part, som ikkje allereie ved søknad eller på annan måte har fått uttalt seg i saka, før vedtak vert gjort, jf. fvl. § 16.

## **3. Klage nummer ein frå Malakoff Rockfestival**

### **3.1 Bakgrunn for saka**

Malakoff Rockfestival (klagar) er ein ideell organisasjon som arrangerer rockefestivalen Malakoff på Nordfjordeid kvart år. Organisasjonen har også andre arrangement i løpet av året, og driftar Gymmen Scene & Studio. Malakoff Rockfestival engasjerer både lokalsamfunnet og regionen rundt, og har tett samarbeid med mange aktørar. Malakoff er ein av dei største festivalane av sitt slag i landet, og har vakse jamt og trutt sidan starten. Organisasjonen har mål om å vere eit fyrårn for ungdommeleg rock i vestlandsregionen, og skal bringe kunstnarleg innhald av høg kvalitet ut til eit stort publikum.

Malakoff Rockfestival søkte om 700 000 kroner i kulturmidlar til festivalen den 28.2.2019.

Fylkesdirektøren vedtok å gje deler av det omsøkte beløpet, eit tilskot på 100 000 kroner. Fylkesdirektøren skriv i si vurdering at festivalen har etablert seg som ein av Noregs største festivalar i sin sjanger, med ei medviten satsing på program, teknisk gjennomføring og tilrettelegging for ulike målgrupper, også dei som ikkje er kjernemålgruppa. Festivalen har fått støtte frå Kulturrådet si stønadsordning for musikkfestivalar med kr 300 000 i 2019. Festivalen er også prioritert i festivalstrategien for Sogn og Fjordane.

Klaga vart orientert om vedtaket i brev datert 28.5.2019, og klaga på vedtaket den 5.6.2019.

Fylkesdirektøren har som underinstans teke stilling til klaga. Underinstansen opprettheld sitt tidlegare vedtak i saka, og har sendt saka vidare til Fylkesutvalet som klagenemnd.

### **3.2 Vurderingar og konsekvensar**

#### **3.2.1 Grunngeving frå klagar**

Klaga viser til at det i utlysingsinformasjonen på nettsidene til fylkeskommunen mellom anna står følgjande:

«Ved tilskot vert det lagt særleg vekt på kulturaktivitet til barn og unge».

Klaga meiner dette harmonerer dårleg med følgjande setning i fylkesdirektøren si vurdering:

«Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.»

Klagar meiner at støtta på 100 000 kroner ikkje står i stil med det tilbodet festivalen gir barn og unge. Malakoff Rockfestival brukar store ressursar på trygg transport heim frå festivalen og tilrettelegging av arealet slik at barn og unge kan delta i trygge rammer på heile festivalen på lik linje med dei vaksne. Klagar viser til at Malakoff Rockfestival er åleine om å tilby dette, og at det er ressurskrevjande. Klagar ønskjer ei klargjering av kva fylkeskommunen tenkjer om prioritering av kulturmidlar til barn og unge.

### 3.2.2 Underinstansen sin kommentar til klaga

Fylkesdirektøren viser til at kulturaktivitet for barn og unge er eit viktig moment i vurderinga av søknader om kulturmidlar, men at det står eksplisitt i føringane frå hovudutval for næring og kultur som gjeld festivalar at dette ikkje vert lagt avgjerande vekt på:

«Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til born og unge vert dekkja av alle festivalar, og utover at festivalen må ha dette på plass så vert dette ikkje lagt avgjerande vekt på.»

Bakgrunnen for Hovudutvalet for næring og kultur si presisering av dette, i sak 22/19, er mellom anna at alle festivalar både har stor grad av frivilligheit og tilbod til barn og unge.

Fylkesdirektøren skriv vidare at han ser positivt på Malakoff Rockfestival si satsing på barn og ungdom, og anerkjenner den store innsatsen som er lagt ned i å legge til rette for alle aldersgrupper. At det blir lagt opp til eit trygt og godt transporttilbod for unge er positivt, og festivalen er eit stort og viktig ungdomsarrangement i fylket. Satsinga på transporttiltak for det yngre publikummet har likevel ikkje blitt eksplisitt vektlagt ved handsaminga av nokon av søknadene frå festivalane i fylket, utifrå føringane frå hovudutval for næring og kultur. Fylkesdirektøren viser til at det er sett av eigne midlar til transporttiltak for ungdom over samferdslebudsjettet i fylkeskommunen. Malakoff Rockfestival har ikkje nytta høvet til å søkje på desse midlane i 2019.

Fylkesdirektøren avsluttar med å skrive at Malakoff Rockfestival er ein av festivalane som er prioritert i fylkeskommunen sin festivalstrategi, noko som har medført støtte i ein treårig avtale, men at budsjetttrammene for kulturmidlane er avgrensa. Midlane må prioriterast utifrå dei føringane hovudutval for næring og kultur har gitt. Det vil ikkje vere rom for å innfri alle forventningane om tilskot til ulike kulturtiltak i fylket.

### 3.2.3 Fylkesrådmannen si vurdering

Klagar syner for det første til at fylkesdirektøren si vurdering av søknaden harmonerer dårleg med utlysingsinformasjonen på nettsidene til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen ser at informasjonen gjeven både på nettsidene og i retningslinene for drift det er lenkja til der, i utgangspunktet kan vere eigna til å skape mistydingar. Det er først i dokumentet «Kulturmidlar – vurderingskriterium», nedst under punktet om presiseringar og føringar, at det er teke inn ei setning om at graden av frivilligheit og tilbod til barn og unge må vere på plass, men at det ikkje vert lagt avgjerande vekt på i prioriteringa mellom søkjarane. Fylkesrådmannen har derfor forståing for at søkjar kan ha hatt ei forventning om at dette omsynet skulle bli tillagt særleg vekt også i prioriteringa mellom søkjarane.

Når det er sagt, er alle søkjarane handsama likt på dette punktet og i tråd med dei politiske føringane og prioriteringane for tildeling av kulturmidlar i 2019, og avgjerda ligg innanfor rammene av fylkeskommunen si tillatne skjønnsutøving på området.

Malakoff Rockfestival har fått tilskot i 2019. Underinstansen har også gjort det klart at Malakoff Rockfestival er ein prioritert kulturorganisasjon i fylket. Bakgrunnen for at tilskotet ikkje er høgare, er fylkeskommunen sin praksis med å gje tilskot til alle kvalifiserte søkjarar, noko som betyr at løyvinga til den enkelte ofte er låg. Praksisen spring ut frå ein tanke om at kulturmidlane frå fylkeskommunen kan vere med på å utløyse midlar hjå stat og kommune og stimulere til aktivitet hjå fleire. Om praksisen skal endrast til å løyve større tilskot til færre, må ein leggje sterkare kunstnarlege føringar og vurdere kvalitet i mykje høgare grad enn i dag.

Avgrensinga er følgjeleg gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for innvilge full støtte til alle som søkjer. Fylkesrådmannen støttar fylkesdirektøren i denne vurderinga.

Når det gjeld klagar sin bruk av ressursar på trygg transport og tilrettelegging av arealet for barn og unge, viser fylkesrådmannen til at det er sett av eigne midlar til transporttiltak for ungdom over samferdslebudsjettet i fylkeskommunen, og at dette ikkje er lista opp som prioriterte omsyn under denne konkrete tilskotsordninga. Fylkesrådmannen meiner på lik linje med fylkesdirektøren at festivalen si satsing på transporttiltak er positiv, og oppmodar festivalen om å søke midlar til transporttiltak over samferdslebudsjettet.

## **3.3 Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at klaga ikkje vert teken til følge.

## **4. Klage nummer to frå Malakoff Rockfestival (Gymmen Scene & Studio)**

### **4.1 Bakgrunn for saka**

Malakoff Rockfestival (klagar) er ein ideell organisasjon som arrangerer rockefestivalen Malakoff på Nordfjordeid kvart år. Organisasjonen har også andre arrangement i løpet av året, og driftar Gymmen Scene & Studio.

Organisasjonen søkte om 200 000 kroner i kulturmidlar den 28.02.2019, for å oppgradere Gymmen Scene & Studio (Gymmen). Gymmen inneheld to øvingsrom, studio og scene, bar, toalett og backstage. Lokala er tilgjengelege for øving kvar dag heile året, med unnatak av dei om lag 25 dagane Malakoff Rockfestival har eigne arrangement i lokala. Dei fleste gruppene som øver der er ungdom. I tillegg nyttar Eid Kulturskule, vaksenopplæringa og Eid vidaregåande skule lokala. Alt av teknisk utstyr er frå tida Gymmen vart etablert i 2009/2010, og er ifølgje søkjar modent for utskifting.

Fylkesdirektøren avslø søknaden den 22.8.2019. Avslaget er grunngjeve med at tilskotsføremålet fell utanfor fylkeskommunen si festivalstøtteordning og måla i festivalstrategien. Søknaden om støtte til Gymmen er sett i samanheng med den andre søknaden frå Malakoff Rockfestival.

Klagar vart orientert om vedtaket i brev datert 28.5.2019, og klaga på vedtaket den 5.6.2019.

Fylkesdirektøren har som underinstans teke stilling til klaga. Underinstansen opprettheld sitt tidlegare vedtak i saka, og har sendt saka vidare til Fylkesutvalet som klagenemnd.

### **4.2 Vurderingar og konsekvensar**

#### 4.2.1 Grunngjeving frå klagar

Klagar skriv at søknaden gjeld tilskot til prosjekt og tiltak, og at søknaden derfor ikkje skulle vore vurdert etter kriteria for festivalstøtte. Klagar ber om ei klargjering frå fylkeskommunen på dette punktet.

#### 4.2.2 Underinstansen sin kommentar til klaga

Fylkesdirektøren viser til at Fylkesutvalet som klagenemnd tidlegare har slått fast at tilskot til kulturmidlar er *ei* ordning som er delt i to, der ein har høve til å flytte søknader om kulturmidlar mellom dei to gruppene. Fylkesdirektøren har som praksis å vurdere søknader om kulturmidlar frå same søkjar under eitt, då ein ser på søkjaren sin heilskaplege aktivitet og økonomi i søknadvurderinga.

Dei to søknadene frå Malakoff Rockfestival vart begge vurdert under stønad til drift. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er gjort sakshandsamingsfeil då ein omgrupperte søknaden frå prosjekt og tiltak til støtte til drift, så lenge begge desse er lyst ut under same ordninga, til same tid og med same overordna mål.

Fylkesdirektøren understrekar at det ikkje ville ha påverka utfallet av vurderinga av søknaden om den hadde blitt handsama under prosjekt og tiltak, fordi fylkeskommunen ikkje har praksis for å gje kulturmiddeltilskot til utstyr, men til aktivitet. Dette m.a. fordi ein har avgrensa midlar til føremålet og må prioritere.

Gymmen Scene & Studio er etablert som ein arena for lokal kulturaktivitet, og fylkesdirektøren vurderer det slik at det vil primært vere eit lokalt ansvar å halde utstyr og inventar. I tillegg er det etablert ei nasjonal tilskotsordning (Musikkutstyrsordninga) der også lokale aktørar kan søkje om støtte.

Fylkesdirektøren ser at det kunne ha vore uttrykt tydelegare i vurderinga av søknaden kvifor ein såg dei to søknadene i samanheng og valde å handsame begge under tilskot til drift. Å vurdere søknadane i samanheng er gjort til gunst for søkjar i og med at fylkesdirektøren vurderte søknaden som klart avslag under prosjekt og tiltak, medan kunnskapen om investeringane og oppgraderingane ville telje positivt i høve driftssøknaden til festivalen.

#### 4.2.3 Fylkesrådmannen si vurdering

Klaga gjeld underinstansen si sakshandsaming. Klagar skriv at søknaden gjeld prosjekt og tiltak, ikkje festivalstøtte, og at det derfor var feil av fylkesdirektøren å handsame søknaden slik.

Fylkesdirektøren har vist til ein praksis for å flytte søknadar mellom underordningane, når dette er til beste for søkjar. Fylkesutvalet som klagenemnd har tidlegare handsama ei liknande sak, sak 7/2017, og av saksutgreiinga kjem følgjande standpunkt til grunn:

*«Å hjelpe søkjarar med å sende søknad til den ordninga der dei har best moglegheit for å få tilskot, vil vere i tråd med forvaltninga si alminnelege rettleiingsplikt. I utgangspunktet vurderer fylkesrådmannen at underinstansen sin praksis med å flytte søknadar er uproblematisk så lenge flyttinga skjer til gunst for søkjar, og søkjar blir informert om flyttinga. På denne måten får søkjar høve til å protestere mot flytting.»*

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar er orientert om overflyttinga og gjeven høve til å protestere.

I handsaminga av klaga understrekar likevel fylkesdirektøren at det ikkje ville ha påverka utfallet av vurderinga om søknaden hadde blitt handsama under prosjekt og tiltak, fordi fylkeskommunen ikkje har praksis for å gje kulturmiddeletilskot til utstyr, men til aktivitet. Dette m.a. fordi ein har avgrensa midlar til føremålet og må prioritere. Vidare skriv fylkesdirektøren at Gymmen Scene & Studio er etablert som ein arena for lokal kulturaktivitet, og at det først og fremst vil vere eit lokalt ansvar å halde utstyr og inventar. I tillegg er det etablert ei nasjonal tilskotsordning (Musikkutstyrsordninga) der også lokale aktørar kan søkje om støtte.

Sjølv om det ikkje går fram av avslaget, har fylkesdirektøren derfor likevel vurdert søknaden i høve begge støtteordningane, jf. fylkesdirektøren sitt svar på klaga.

Det er mi vurdering at når fylkeskommunen har høve til å gje avslag på søknaden under den omsøkte ordninga, må fylkeskommunen også ha høve til å vurdere søknaden opp mot ei anna underordning av kulturmidlane, så lenge dette utvilsamt er til fordel for søkaren. Av omsyn til at saka skal vere godt nok opplyst til å gjere vedtak, bør likevel underinstansen orientere søkjar om den planlagde overflyttinga og gje søkjar høve til å kome med supplerande informasjon. Ut frå den informasjonen underinstansen har hatt om innhaldet i søknaden i denne saka, ser eg det likevel ikkje som sannsynleg at ytterlegare informasjon ville ha gjeve eit anna vurderingsgrunnlag og eit anna resultat i saka.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at det verken heftar feil ved skjønnet eller sakshandsaminga til underinstansen i denne saka. Fylkesrådmannen meiner likevel det er god forvaltningsskikk å orientere søkjar om at søknaden vert flytta til ei anna underordning, slik at søkjar kan få høve til å protestere.

#### **4.3 Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at klaga ikkje vert teken til følgje.

### **5. Klaga frå Gloppen musikkforum**

#### **5.1 Bakgrunn for saka**

Gloppen Musikkforum søkte den 1.3.2019 om 100 000 kroner i kulturmidlar tilskotsåret 2019 til arrangementet «Glopperock 2019» 16.-17. august på Sandane.

Glopperockfestivalen skal gje folk eit kulturtilbod innan musikkretningar som rock, pop og anna rytmisk musikk. Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement skal nå publikum i alle aldrar, med hovudvekt på ungdom. Festivalen har eit eige konsertarrangement for barn og ungdom. Arrangøren legg vekt på å ha tidsaktuelle og kunstnarleg kvalitetsmedvitne artistar. Glopperock har mål om å samle publikum frå heile regionen.

Fylkesdirektøren handsama og gav avslag på søknaden den 28.5.2019. Avslaget er grunngjeve med at Sogn og Fjordane er sett på som ein region, og at det ikkje vert vektlagt anna geografisk spreining. Glopperockfestivalen er derfor ikkje vurdert som ein regional festival. Vidare at festivalen ikkje har motteke støtte frå kulturrådet si støtteordning for musikkfestivalar i 2019, og derfor ikkje kan vente regionale løyvingar.

Gloppen musikkforum klaga på avslaget den 21.6.2019 og utdjupa klaga ytterlegare i brev datert 1.7.2019.

#### **5.2 Vurdering og konsekvensar**

### 5.2.1 Grunngeving frå klagar

Klagar meiner Glopperock ikkje er ein lokal festival, sidan folk frå heile fylket besøker festivalen. Det blir også framheva at Glopperockfestivalen 2019 arrangerer konsertturné i Førde, Sogndal og Sandane i november 2019. For heile 2019 budsjetterer Gloppen Musikkforum med 70 % billettinntekter utanfor Gloppen kommune.

Klagar viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin strategi for musikkfestivalar, og at fylkeskommunen har lagt seg på ein praksis der fleire musikkfestivalar i fylket ikkje får støtte utan å ha fått støtte frå Kulturrådet si støtteordning for musikkfestivalar. Klagar meiner det er snevert å ikkje gje støtte til festivalar utan denne støtteordninga, og at det er vanskeleg å få støtte frå Norsk kulturråd utan å på førehand ha fått støtte frå fylkeskommunen. Klagar viser til at fylkeskommunen trass i denne strategien har gjeve støtte til musikkfestivalar som ikkje har fått støtte frå Norsk kulturråd og til festivalar som har fått støtte frå Kulturrådet si arrangørstøtteordning. Klagar ser på dette som forskjellsbehandling.

Klagar understrekar at ein gjennom Glopperockfestivalen ønskjer å nå alle aldersgrupper, spesielt barn og unge. Dette har festivalen fått støtte til via den statlege ordninga Frifond. Festivalen legg vekt på å nå alle aldersgrupper gjennom ei eiga ungdomssatsing og ungdomskonsert, ved å avslutte hovudarrangementet tidleg torsdag kveld og unngå ei heilkommersiell ramme der prisane vert dyrare og tilboda til barn og unge dårlegare. Klagar meiner ein vil få store utfordringar med å få årets ungdomskonsert i balanse utan støtte frå det offentlege, og at ein utan slik støtte ikkje vil kunne ha denne type arrangement i framtida. Klagar viser til at fylkeskommunen i utlysinga av kulturmidlar 2019 skriv at det vert særleg lagt vekt på barn og unge, medan at det i saksutgreiinga står at «eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på».

Til slutt viser klagar til den totale tildelinga av kulturmidlar 2019 og at berre 4 % av midlane går til pop- og rockefestivalar. Klagar ser dette som ei skeivfordeling og meiner det er ei myte at rockekonsertar ikkje treng støtte.

### 5.2.2 Underinstansen sin kommentar til klaga

Underinstansen viser til HNK-sak 22/19 (føringar og prioriteringar), der det vert slege fast at fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og å sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod. Sogn og Fjordane fylkeskommune prioriterer enkelte festivalar for femårig tilskot og enkelte for treårig tilskot. Andre festivalar kan søkje om eittårig støtte. I HNK-sak 22/19 blir også omgrepet «Regional funksjon» utdjupa:

- «1. **Geografisk nedslagsfelt og verkeområde.** Tiltaket har tyding for eit større geografisk område enn ein kommune. Tiltaket vert gjennomført i, eller har deltaking frå, meir enn ein kommune. Dette kan gjelde både deltakarar, arrangørar eller publikum.
2. **Funksjonen må vere regional.** Tiltak vert vurdert utifrå storleik, fagleg tyngde, kvalitet, særpreg og oppdrag. Fagleg kvalitet og omfang av nyskaping kan vise ei regional rolle, det same kan smalare tilbod og meir eksklusive funksjonar og spisskompetanse. Det ligg alltid ei samla vurdering til grunn der geografi og funksjon vert sett i samanheng.»

I HNK-sak 22/19 blir det vidare gjeve føringar om at:

«Festivalar som sjølv produserer innhald, dei som har markert seg i regionale og nasjonale nettverk og dei som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene vert lagt vekt på».

Underinstansen vurderer Glopperock til ikkje å ha regional funksjon, ut frå ei samla vurdering av geografi og funksjon i tråd med Hovudutvalet for næring og kultur si utdjuping av vurderings-temaet. Fylkesdirektøren har berre vektlagt arrangementet Glopperock i vurderinga, og ikkje andre konsertar Gloppen Musikkforum arrangerer, sidan det er festivalen det er søkt om midlar til. At folk frå heile fylket besøker festivalen er ikkje tilstrekkeleg til at ein festival kan reknast som regional, sidan dei fleste lokalt stadbundne arrangement er opne for eit større publikum.

Underinstansen viser også til at Glopperock, slik festivalen er skildra i søknaden, ikkje i stor nok grad oppfyller kriteria for prioritering av festivalar i festivalstrategien. I vurderinga legg fylkesdirektøren vekt på at Glopperock ikkje får støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar. I HNK-sak 22/19 blir dette omtalt slik:

«fylkeskommunen vil følgje opp statlege løyvingar frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar, dvs. at musikkfestivalar som ikkje mottek stønad frå denne stønadsordninga i utgangspunktet ikkje kan forvente å motta regionale midlar. Unnataket er om det vert vurdert å støtte festivalar som utvider sjangerbreidda.»

I lys av dette har fylkeskommunen støtta enkelte musikkfestivalar som får støtte via arrangørstøtteordninga til Norsk kulturråd eller som ikkje får støtte frå kulturrådet. Fylkesdirektøren grunnjev støtta i slike tilfelle med at dette er festivalar som utvidar sjangerbreidda og svarar ut mål som er sett av fylkeskommunen gjennom regional plan for kultur.

Fylkesdirektøren skriv at fylkeskommunen ser positivt på klagar si satsing på barn og ungdom. Satsinga på det yngre publikummet har likevel ikkje blitt særskilt vektlagt ved handsaminga av nokon av søknadene frå festivalane, i tråd med årets politiske føringar frå Hovudutvalet for næring og kultur:

*«Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til born og unge vert dekkja av alle festivalar, og utover at festivalen må ha dette på plass så vert dette ikkje lagt avgjerande vekt på.»*

Underinstansen viser til at av elleve festivalar som fekk støtte frå fylkeskommunen i 2019 var fire innan sjangeren pop- og rockefestivalar. Dette var den sjangeren der flest festivalar fekk støtte. I festivalstrategien står mellom anna at det skal vere eit variert tilbod av festivalar i fylket, at festivalstrategien skal famne over alle kunst- og kulturuttrykk og at fylkeskommunen skal støtte opp om festivalar i ei brei sjangerbreidde. Vidare står det at kunstnarisk kvalitet og eigen-produksjon (produserande festivalar) vert prioriterte framfor festivalar som bookande festivalar med artistar med ferdigproduserte konsertar. Fylkesdirektøren vurderer kulturtilskotet som rimeleg fordelt mellom ulike festivalar og ulike sjangrar av festivalar i fylket.

### 5.2.3 Fylkesrådmannen si vurdering

Det i stor grad opp til forvaltninga sitt skjønn og sine prioriteringar å avgjere kven som får tilskot etter denne ordninga, så lenge vurderingane og avgjerdene er innanfor den ulovfesta læra om myndemisbruk. Det er lagt retningslinjer til grunn for handsaminga av tilskotssøknader, og desse vil gje søkjarane ei forventning om kva for omsyn som blir tillagt vekt ved handsaminga. Avgrensingane er gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for å støtte alle som søker.

Det er grunnleggjande for tildeling av fylkeskommunale tilskot at organisasjonen eller tiltaket har regionalt nedslagsfelt og regional tyding. Klagar meiner Glopperock er ein regional festival, m.a. sidan folk frå heile fylket besøker festivalen. Underinstansen vurderer Glopperock til å ikkje ha regional funksjon, ut frå ei samla vurdering av geografi og funksjon i tråd med Hovudutvalet for næring og kultur si utdjuing av vurderingstemaet.

Vurderingstemaet «Regional funksjon» opnar for ei særprega skjønsmessig vurdering der fleire faktorar inngår. Temaet er utdjupe i HNK-sak 22/19 under «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot i kulturføremål», ut frå at det har vore behov for å presisere kva arrangement som oppfyller dette kriteriet. I dokumentet Kulturmidlar – Vurderingskriterium, viser fylkesdirektøren også til at vurderingane vil relatere seg til storleiken på tilgjengelege midlar i ordninga. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at underinstansen si vurdering går utover det innhaldet «Regional funksjon» er gjeve i dei grunnleggjande omsyna og slik det er presisert i HNK-sak 22/19, og legg også til grunn at terskelen for kva organisasjonar eller tiltak som vert vurdert til å oppfylle kriteriet også relaterer seg til storleiken på tilgjengelege midlar.

Klagar meiner det er snevert å ikkje gje støtte til festivalar fordi dei ikkje har fått støtte frå Kulturrådet si støtteordning, og at det er vanskeleg å få støtte frå Norsk kulturråd utan å på førehand ha fått støtte frå fylkeskommunen. Klagar viser til at fylkeskommunen trass i denne strategien har gjeve støtte til musikkfestivalar som ikkje har fått støtte frå Norsk kulturråd og til festivalar som har fått støtte frå Kulturrådet si arrangørstøtteordning, og meiner dette utgjør forskjellsbehandling.

Det er mi vurdering at denne forskjellshandsaminga er sakleg og i tråd med fylkeskommunen sine vedtekte retningslinjer. Dei festivalane som har fått tilskot trass i manglande støtte frå Kulturrådet si støtteordning for festivalar, er festivalar som utvidar sjangerbreidda og stettar fylkeskommunale mål i regional plan for kultur. Den politiske avgjerda om å følgje opp statlege løyvingar frå Kulturrådet si støtteordning til musikkfestivalar er ei prioritering fylkeskommunen har gjort i tråd med fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og med von om at prioriteringa kan vere med på å utløse fleire statlege midlar.

Klagar viser til at fylkeskommunen i utlysinga av kulturmidlar 2019 skriv at det vert særleg lagt vekt på barn og unge, medan at det i saksutgreiinga står at «eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på». Fylkesrådmannen ser at informasjonen gjeven både på nettsidene og i retningslinjene for drift det er lenkja til der, i utgangspunktet kan vere eigna til å skape mistydingar. Det er først i dokumentet «Kulturmidlar – vurderingskriterium», nedst under punktet om presiseringar og føringar, at det er teke inn ei setning om at graden av frivilligheit og tilbod til barn og unge må vere på plass, men at det ikkje vert lagt avgjerande vekt på i



prioriteringa mellom søkjarane. Fylkesrådmannen har derfor forståing for at søkjar kan ha hatt ei forventning om at dette omsynet skulle bli tillagt særleg vekt også i prioriteringa mellom søkjarane.

Når det er sagt, er alle søkjarane handsama likt på dette punktet i tråd med dei politiske føringane og prioriteringane for tildeling av kulturmidlar i 2019, og avgjerda ligg innanfor rammene av fylkeskommunen si tillatne skjønnsutøving på området.

Til slutt viser klagar til den totale tildelinga av kulturmidlar 2019 og at berre 4 % av midlane går til pop- og rockefestivalar. Klagar ser dette som ei skeivfordeling og meiner det er ei myte at rockekonsertar ikkje treng støtte. Fylkesrådmannen viser til fylkesdirektøren sitt svar på dette om at fire av elleve festivalar som fekk støtte frå fylkeskommunen i 2019 var innan sjangeren pop- og rockefestivalar. Dette er den sjangeren der flest festivalar fekk støtte. I festivalstrategien står mellom anna, at det skal vere eit variert tilbod av festivalar i fylket, at festivalstrategien skal famne over alle kunst- og kulturuttrykk og at fylkeskommunen skal støtte opp om festivalar i ei brei sjangerbreidde. Vidare står det at kunstnarisk kvalitet og eigenproduksjon (produserande festivalar) vert prioritert framfor festivalar som bookande festivalar med artistar med ferdigproduserte konsertar. Fylkesrådmannen vurderer kulturtilskotet som rimeleg fordelt mellom ulike festivalar og ulike sjangrar av festivalar i fylket.

### **5.3 Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at klaga ikkje vert teken til følge.

## **6. Økonomiske konsekvensar**

Fylkesdirektøren for næring og kultur har sett av ein sum til klagehandsaming og handsaming av nye søknader. Det er sett av 100 000 kroner til dette. Viss klagehandsaminga medfører at det vert løyvd for meir enn denne summen, må pengane finansierast på anna vis.